

2007 07949-8
KI/KMA

Møre og Romsdal fylke



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.06.2009	FE: 2009/658/LAKR/561	Lars Kringstad, 71258450	16.08.2009

Halsa kommune.

Engdal Kraft SUS - bygging av Nedre Engdal kraftverk.

Fråsegn til søknad om konsesjon.

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

- Engdal Kraft SUS vil utnytte fallet i Engdalselva med eit inntak på kote 72 og kraftstasjon på kote 15.
- Maksimal slukeevne er på 2000 l/s. Dette er 204% av middelvassføringa på 980 l/s. Minimum slukeevne er på 600 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 82,8 l/s.
- Det er planlagt minstevassføring på 70 l/s heile året.
- Vassvegen blir om lag 800 m som skal gravast ned. Diameter 1000 mm.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 2,6 GWh med installert effekt på 0,9 MW.

Automatisk freda kulturminne

Grunna potensiale for ikkje kjende automatisk freda kulturminne varslar kulturavdelinga krav om arkeologisk registrering i samband med meldinga. Det er naudsynt å vurdere området for kulturminne knytt til skog og utmark, så særleg produksjonsanlegg for jarn, kol og tjøre. Slike kulturminne kan i seg sjølv indikere at andre typar kulturminnar finst i nærleiken. Enkeltfunn av for eksempel kolgroper indikerer at det ligg jarnutvinningsanlegg i nærleiken osv. Nedre del må vurderast i forhold til aktivitet i steinrbukande tid.

Vi ser ikkje dette som noko omfattande registrering, men at det meste kan gjerast innfor 1 – 4 dagsverk og med ei øvre kostnadsramme på ca. kr. 20 000,-. Jf. kulturminnelova § 10 må tiltakshavar dekkje kostnadane ved slik registrering.

Natur- og miljøvern

Biologisk mangfald

Vi har ikkje vesentlege merknader til biologisk mangfald rapporten og dei konklusjonane som er gjort der. Det er positivt at rapporten bygger på granskingar av både karplanter, lav, mosar og sopp kombinert med identifisering av naturtypar. Vi kjenner heller ikkje til registrerte naturverdiar ut over det som er omtalt i denne rapporten.

Landskap og friluftsliv

Røyrgata, som vil bli gravd ned, går stort sett gjennom skog og beitemark. Etter avslutta anleggsarbeid vil dei landskapsmessige konsekvensane etter vårt syn vere relativt små. Når det gjeld friluftslivsinteressene er desse etter det vi kjenner til av lokal karakter. I øvre del av utbyggingsstrekninga, like nedanfor gangbrua, er det ein kulp som blir nytta til

bading og soling om sommaren. Dette området blir ikkje direkte rørt av utbygginga, med mindre minstevassføringa ikkje er tilstrekkeleg til å fylle opp kulpen.

Fisk

Ved utbygginga vil ca. 700 m av den potensielle anadrome strekninga bli direkte rørt. Vi er inne i ei tid der det er eit stort press på laksefisk og det er gitt nasjonale føringar om å ta vare på anadrome ressursar - også dei små system. Elva har neppe sjølvproduserande bestand av laks, men har nok ein viss produksjon av sjøaure sjølv om denne kan vere varierande. Det blir opplyst at den mest produktive strekninga ligg nedanfor kraftverket. Utbyggingsstrekninga utgjer 70% av anadrom strekning. Sjølv om denne strekninga er vurdert til å "ikkje har noko stort potensiale som gyteområde", betyr det likevel ikkje at den ikkje kan ha ei viss rolle. I utgangspunktet vil derfor vårt råd vere å redusere mest mogleg alle typar inngrep i anadrome strekningar. Her vil det seie å flytte stasjonen lenger opp.

Uansett plassering av stasjon må det stillast krav til heilårleg minstevassføring på strekninga. Det er lagt opp til 70 l/s, medan ålmenn lågvassføring er nærare 83 l/s. Kravet til minstevassføring må vere minst lik ålmenn lågvassføring heile året, eventuelt høgare. Det bør også stillast krav til montering av omløpsventil.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Landbruk

Vi legg til grunn at ein minimaliserer dei negative verknadane for landbruket, både med omsyn til plassering av stasjonen og at det så fort som råd ryddast opp etter inngrep i beite/kulturlandskapet.


Konklusjon

Vi viser til våre merknader over og vil presisere følgjande:

- Vi vil rå til at kraftstasjonen blir flytta lenger opp for å redusere inngrepa i anadrom strekning.
- Det må setjast krav til heilårleg minstevassføring minst lik ålmenn lågvassføring, samt krav til montering av omløpsventil.

Vi varslar vidare krav om arkeologisk registrering i tiltaksområdet og ber om at ein tar kontakt med saksbehandlar for kulturminne for nærare å avtale ei slik registrering.

Med helsing



Jon Ivar Eikeland
Seksjonssjef



Lars Kringstad
Overingeniør

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Ragnar Orten Lie, tlf. 71258840
Landbruk: rådgivar Kari Bjørnøy, tlf. 71 25 81 22

Kopi:
Halsa kommune